



# KRINGSJÅ

TIPS KRINGSJÅ

E-post:  
redaksjon@jbl.no

## Når bridge er livet og livet er bridge

I 50 år har Reidar Lerbrekk hatt glede av det uføreseielege kortspelet. Som kan senda ein verdsmeister på trynet heim frå Bryne.

**KORTSPEL:** Lydnivået er lågt, men det summer likevel av liv i det eine konferanserommet på Jæren Hotell på Bryne. Krinsmeisterskapen i bridge for Rogaland er i gong, og 34 par sit i lægmælt konsentrasjon rundt borda, fire ved kvart av dei. Dei aller fleste, deriblant verdsmeister Boye Brogeland, kjempar om dei to plassane frå Rogaland i noregsmeisterskapen.

**Skal ein bli verkeleg god i bridge, må ein vera litt «datamaskin» i hovudet.**

Bjørn Svela, turneringsleiar

Men samstundes med alvoret er leiken og gleda med kortstokken sjølv sagt vel så viktig for dei fleste.

### Bridge i over 50 år

Og få i lokalet denne laurdagen har nok halde på lengre enn Reidar Lerbrekk. 70-åringen frå Vigrestad har spelt bridge i omtrent 50 år, dei siste fire-fem saman med makkeren Knut Ovastrøm frå Brusand. Og kva er det eigentleg som er så fengslende med dette kortspelet?

- Det er eit parspel, ikkje eit solospel, og eg synest framleis det er morsamt. Leiter stadig etter nye kort, forklarar 70-åringen interessa med.

Han og partner Ovastrøm (58) representerer Nærbo Bridgeklubb.

Og makkeren er ikkje stort mindre rutinert, han har vore brigdespeler sidan 14-årsalderen.

- Noko av det interessante er å klara å kommunisera med den andre partneren, om kva kort ein har på hand. Ein får alltid nye kortkombinasjonar, og difor gir bridge alltid nye utfordringar, tilføyer Ovastrøm.

### Vanskeleg å forklara

Me skjønner litt meir, og går til turneringsleiar Bjørn Svela for litt meir fordjuping om kva som er «greia» med bridge.

- For utanforståande kan det nok vera vanskeleg å skjønna fascinasjonen for bridge. Eg blir jo «mobba» på jobben for det, humrar Svela.

Som likevel gjer eit forsøk på å opplysa.

- Eigentleg er det litt vanskeleg å forklara. Sjølv spelet er nokså enkelt, omtrent som «Amerikanaren.» Men meldingssystemet er relativt sinnrikt og innfløkt. Korleis ein skal forklara partnaren sin, med meldingar, kva kort ein sit med, gir mange utfordringar og mykje variasjon, forklarar turneringsleiar.

### Gjeld å melda rett

Kvar spelar får utdelt 13 kort, og i teorien kan eit par ta 13 stikk. Så gjeld det å melda eit meir eller mindre realistisk nivå på kor mange stikk ein kan klara å håva inn i løpet av runden.

- Får paret inn fleire enn dei har meld, blir det bonus, men får dei færre, blir dei kraftig straffa poengmessig. Samstundes som ein skal få med seg informasjonen frå partnaren, får ein jo og informasjon frå motparten. Og dei får informasjon frå deg, seier Svela.

Dermed må ein vera både klar og ha oversikt i hovudet.

- Ein må vera på alerten og kunna telja til 13 fire gonger. Meir eller mindre vita kor alle korta og alle fargane sit, rundt bordet. Skal ein bli verkeleg god, må ein vera litt «datamaskin» i hovudet. Kunna sannsynlegheit, statistikk og så vidare. Proffane les bridge-literatur, men me vanlege dødelege berre kosar oss med spelet og det sosiale, forklarar turneringsleiar, som sjølv er medlem i Klepp Bridgeklubb.

### Mange spelar lokalt

Og dei veit å kosa seg, både lokalt og regionalt, i Rogaland Bridgekrets, som strekkjer seg frå sør for Boknafjorden til og med Flekkefjord. Mellom 500 og 700 personar spelar bridge her kvar veke, noko som gjer krinsen til den nest mest aktive i Noreg.

På Jæren er det nettopp Klepp Brigdeklubb som utmerkar seg, med rundt 60 spelarar som samlar seg kvar tysdag. Eit tal som gjer klubben til ein av dei største i landet, ifølgje Bjørn Svela.

Nærbo Bridgeklubb har i tillegg vist meir aktivitet den seinare tida, men har ikkje like mange medlemmar.

### Verdsmeister rauk ut

Den mest kjende deltakaren på Jæren Hotell var utan tvil Boye Brogeland, verdsmeister 2007 og europameister året etter.



## Fakta

### Bridge

**Kortspel:** Svært populært selskaps spel der to par spelar mot kvarandre.

**Reglar:** Ein bruker ein vanleg kortstokk, der kvar spelar får utdelt 13 kort. Etter ein meldingssekvens skal paret med den høgaste meldinga ta (minst) det talet på stikk som meldinga gir.

**Lokalt:** Rogaland er krinsen i Noreg som har nest flest spelarar, og Klepp Brigdeklubb er blant dei mest aktive klubbane i landet.



**KONSENTRERT:** Reidar Laland ventar på neste utspel.

FOTO: LEIF TORE SÆDBERG



## Klepp og Hå skal få betre mobildekning

**Telenor uttaler at dei skal byggja ut dekninga i dei to jærkommunane.**

**TEKNOLOGI:** Jærbladet har ved fleire høve skrivne om dårlege mobiltilhøve på Jæren. Telenor skal nå byggja ut mobildekninga i Hå og Klepp, heiter det i ei

pressemelding. Dette vil skje gjennom fleire nye mobilstasjonar.

Mobilstasjonen Ogna vil gi 4G-dekning til riksvei 44, Brusand - Ogna - Sirevåg, Ogna og området Skorane i retning Sirevåg, blir det opplyst om i ei pressemelding.

Mobilstasjonen Heredsvela vil dekkja fylkesvegen mellom

Heredsvela og Brusand, busettinga langs denne og dalføre i området. I tillegg vil han dekkja fylkesvegen mellom Heredsvela og Kartavoll, busetting langs denne og dalføre, opplyser Telenor.

Mobilstasjonen Sirevåg vil gi 4G-dekning i Sirevåg hamn og

nordre del av Sirevåg og stasjonen Næringsvegen 29 vil dekkja nordre, vestre og søndre del av Kviamarka.

I Klepp kommune vil mobilstasjonen Jærhagen dekkja fylkesvegen 44 med omkringliggjande industribygg, sør av Solavegen, Bøkevegen og området rundt,

samt vest av Solavegen, Kleppe-lungvegen, Kjøpmannsbroten og området rundt.

Mobilstasjonen Lalandsvegen 196 vil gi 4G-dekning langs jernbanen nordover mot Kleppe, sørøver mot Bryne, og busettinga i Lalandsområdet, opplyser Telenor.



**RUTINERT:** Reidar Lerbrekk har spelt bridge i over 50 år, men er framleis fascinert av kortspellet for par. Her i sving under turneringa på Jæren Hotell i helga.

FOTO: LEIF TORE SÆDBERG

43-åringen hadde kona Tonje som makker, som han vann mixed-VM saman med i 2005.

Men stjernestatusen hjelpte ikkje - paret blei berre nummer seks og gjekk dermed ikkje vidare til NM. Lokale Erik Sælendsminde/Rune Hauge (Klepp Bridgeklubb) og David Ueland/Frédéric Wilt (Nærbø Bridgeklubb) gjekk derimot vidare.

- Det ser ikkje så lovande ut forebels, men me har halve dagen igjen, sa den tidlegare verdensmeisteren til Jærbladet midtveges.

### Blei heidra

43-åringen frå Flekkefjord blei i fjor endå meir kjent enn han var frå før, då han skulda fleire andre

internasjonale bridge-spelarar for juks. Avsløringane skakar framleis miljøet, og onsdag sender TV2 dokumentaren «Varsleren», som ifølgje førehandsomtala handlar om «hans jobb for å rense den internasjonale bridgen for juks.»

Både Brogeland, kona og sonen Anders (10), som er tidenes yngste, norske kløvermeister i Noreg, blei heidra for innsatsen dei har gjort og gjer for bridge-spelinga.

- Veldig kjekt å vera med her på Bryne, med så mange deltakarar og så god stemning. Dette er jo ein av dei største krinsane i Noreg, og eg har sett mange kjente fjes. Supert opplegg rundt òg, uttalte bridge-esset.

### Byrja som åtteåring

For det meste spelar han internasjonalt, og det går fire-fem år mellom kvar gong han prøver seg i NM-kvalikar.

Sjølvsjående Brogeland å spela allereie då han var åtte år gammal.

- Spenninga med dei stadige nye problemløysingane som må gjerast, er nok noko av årsaka til at spelet fenger. Ein må tenka raskt og gjera dei rette tinga. Eit utfordrande spel på mange måtar, forklarar han interessa med.

### Leif Tore Sædberg

lts@jbl.no



**MELDING:** Viktig med gode kort på hand, men vel så sentralt i bridge er kommunikasjonen mellom deltakarane.

FOTO: LEIF TORE SÆDBERG